



Halvparten av konfirmantflokket som deltok i innsamlinga er klare til innsats med bøssene. (Foto. Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen har det største konfirmantkullet i prestegjeldet denne våren, 24 i talet. Og så mange som 19 av dei stilte opp under den tradisjonelle fasteinnsamlinga til Kirkens Nødhjelp tysdag ettermiddag. Dei gjorde ein stor innsats. Då bøssene vart tømte, viste det seg at resultatet var 11.550 kroner.**

Det var soknerådsmedlemmene som leia innsamlinga svært godt fornøgdde med.

- Eit framifrå resultat, dobbelt så mykje som i fjor. Men det må leggjast til at det då var berre fire konfirmantar, seier soknerådsmedlem Konstane Otilia Tveit til uskedalen.no.

Tidlegare tysdag hadde ei anna gruppe dreve innsamling fleire stader i kommunen, mellom anna på Husnes og i Uskedalen, og vekt ein viss oppsikt. Dei sa at dei samla inn pengar til gatebarn i Romania. Fleire meinte at det var grunn til å tvila på det, mellom anna på grunn av bøssene og identifikasjonen. Lensmannskontoret sjekka opp saka og konstaterte at gruppa hadde løyve til å drive innsamling. Men kyrkjelydssekretær og konfirmantlærer Oddbjørg Heimark kom inn på dette då ho orienterte Uskedalen-konfirmantane før dei drog ut. Ho streka under kor viktig det var at dei presenterte seg både med bøsse og ID-merke.

Og innsamlinga gjekk ganske smertefritt. Konfirmantane kunne melde at dei utan unntak hadde vorte godt mottekne og at den einaste ubehagelege opplevinga hadde vore møtet med ein sint hund!

Deltakinga av konfirmantane i denne innsamlinga er ikkje minst viktig for at dei skal lyfta blikket også utover mot dei som ikkje har det så godt som oss.

Det la Oddbjørg Heimark særleg vekt på i sin vesle startappell:

- Tenk på at dykk gjennom denne innsamlinga kan bidra til å gje folk rundt i verda eit like godt liv som dykk, sa ho og trakk fram spesielt eit prosjekt: Å få til ei sone i Bagdad der folk ikkje risikerer livet sitt.

Konfirmantane gav uttrykk for at det hadde vore ei positiv oppleving å vera med i innsamlinga.

Og på bedehuset fekk dei pølser og brus då dei kom inn att...

Av Ola Matti Mathisen



Konstane Otilia Tveit frå soknerådet tek i mot resultatet av innsamlinga frå konfirmant Siv Hanne Kjærland. (Foto: Ola Matti Mathisen)